

B.TARBERG AS**VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID**

Plannamn	Detaljreguleringsplan Sundgotlegene 29/2 i Ulstein kommune	Plankonsulent	Aleksander Z. Tarberg
Plan-ID.		Dato	19.08.2019
Saksnummer.	2018-36	Tal på innspel	7

Avsender og dato	Hovudpunkt i innspel	Forslagstillars kommentar
1. Mørenett	Det blir synt til kart over leidningar i området.	<i>Innspelet er teke til vitande.</i>
2. Statens Vegvesen	Statens vegvesen registrerer at planområdet er i tråd med gjeldande arealdel av kommuneplanen. Sidan krysset mellom bustadveg og fylkesveg 26 er oversiktlig har vi ikkje merknader til varsel om oppstart.	<i>Innspelet er teke til vitande.</i>
3. Elisabeth Sundgot	Viser til at planområdet grensar til hennar eigedom gnr. 29 bnr. 28 og at planarbeidet må ta omsyn til gjeldande byggegrenser.	<i>Innspelet er teke til vitande. I planforslaget blir det lagt opp til ei vidareføring av byggegrenser i samsvar med plan- og bygningslova mot eigedom bnr. 28.</i>
4. Noregs vassdrags- og energidirektorat	Viser til at området må undersøkast i høve grunnforhold og marine avsetningar.	<i>Innspelet er teke til vitande. Dette vil bli vurdert og gjort greie for i vidare planarbeid.</i>
5. Møre og Romsdal fylkeskommune	Krev arkeologisk registrering gjennomført innanfor planområdet.	<i>Fylkeskommunen har i ettertid trekt kravet om arkeologisk registrering, jf. vedlagt e-post.</i>
6. Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Viser til krav om leikeplassar.	<i>Kravet om leikeplassar gjer seg gjeldande for 3 eller fleire tomter. Ein viser til at det i dag er etablert leikeplass i området som kan nyttast av barn og unge. Viser elles til føresegner om MUA på tomteområdet.</i>
7. Arnstein Furnes	Bustadane i området består av lave småhus. Det er viktig at nye hus vert oppført i samme stil, og at det er småhus med maksimalt to etasjar som vert oppført.	<i>Innspelet er teke til vitande. Forslagsstillar planlegg utbygging av frittliggjande småhusbebyggelse med ei utnyttingsgrad deretter. Vidare detaljar må avklarast i byggesak.</i>

	Vegen opp til Sundgotlegene er bratt, og er i generelt dårleg forfatning. Vi forutset at naudsynte tiltak for å betre, eventuelt legge om vegen vert gjort før bygging vert iverksatt. Den eksisterande vegen er ikkje dimensjonert for auka trafikk.	<i>Forslagsstillar planlegg eit område der det kan potensielt vere mogleg med nokre få bustadtomter. Ein kan ikkje sjå at dette åleine vil medføre ei trafikkauke som gjer det naudsynt å legge om vegen. Grunneigar har avtale med Ulstein kommune om at vegen skal reknast som kommunal. Utbetring av vegen må i så fall takast opp med kommunen.</i>
	Innspel som har kome etter utvida varsel om oppstart	
8. Fylkesmannen 14.5	Dei viser til vår uttale av 09.11.2018, der dei ga innspel til opprinneleg planområde, og ber om at dette gjerast gjeldande også for utvida planområde.	<i>Innspelet er teke til vitande</i>
9. Mørenett 26.4	Dei har liggande ein høgspen- og ein lavspenkabel gjennom reguleringsområdet, sjå vedlagde kart. Kablane ligg i veg, så dei reknar ikkje med at det er behov for omlegging av desse.	<i>Nei, kablane ligg i planlagt vegtrase.</i>
10. Møre og Romsdal fylkeskommune 16.5	Dei viser til føresegna i kommuneplanen knytt til uteareal og leik.	<i>Innspelet er teke til vitande og vil bli følgt opp i føresegnene til detaljplanen.</i>
11. NVE 10.5	NVE har ikkje innspel til utviding av planområdet utover innspel som dei ga i brev datert 25.10.2018.	<i>Innspelet er teke til vitande.</i>
12. Statens Vegvesen	Utvidinga av planområdet gjer inga endring på vår vurdering, vi har inga merknader til utviding av planområdet.	<i>Innspelet er teke til vitande.</i>
13. Ulstein kommune	Dykk har sett høyringsfristen til 13.05. Lovverket anbefala minimum 3 veker høyring og det har vi sagt i referatet frå oppstartsmøtet at det skal vere.	<i>I utvida høyring legg vi vekt på at det er ei ekstra varsling til avgrensa utval partar. Det har ikkje kome merknader av vesentleg karakter etter høyringsfristen.</i>

Aleksander Zahl Tarberg
19.08.2019